

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe**

2024/1917-5

**Saksbehandlar**

Grete Solheim

| Saksgang |               |          |
|----------|---------------|----------|
| Saksnr   | Utval         | Møtedato |
|          | Formannskapet |          |

## Høyring av planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse

### Innstilling frå kommunedirektøren:

Det vert vedteke at ordlyden i saksutgreiinga er Kvinnherad kommune sin høyringsuttale til regional plan for verdiskaping og kompetanse.

#### Vedlegg:

- 1 Høyring og offentlig ettersyn av planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse.pdf
- 2 Planprogram\_Utkast.pdf

#### Samandrag/Saka gjeld:

Kvinnherad kommune støttar initiativet til ein felles regional plan for verdiskaping og kompetanse, og ser det som eit viktig verkemiddel for å nå dei overordna måla i *Utviklingsplanen for Vestland 2024–2028*. Planen har tydelege ambisjonar om å styrke både berekraft, konkurransekraft og kompetanse – for Kvinnherad er det viktig at planen balanserer mellom det regionale/fylkesnivået og det lokale perspektivet som tek omsyn til distriktutfordringar, naturressursar og desentralisert busetnad.

#### Oppsummering lokale utfordringar

- **Demografi og rekruttering:** Ungdom flyttar ut for utdanning og kjem ikkje alltid tilbake. Vanskeleg å rekruttere lærarar, helsepersonell og fagarbeidarar.
- **Kompetansetilbod:** Avstand til høgare utdanning og breitt fagskoletilbod gjer at mange vel å pendle eller flytte. Det svekker tilgangen på kompetent arbeidskraft lokalt.
- **Infrastruktur:** Vegstandard, ferjer og breiband er avgjerande faktorar for å utvikle næringsliv og kompetansemiljø, men er framleis ei barriere.
- **Fråfall i vidaregåande:** Elevar med lang reiseveg eller lite tilpassa utdanningstilbod har auka risiko for fråfall.

## Saksutgreiing:

### Utfordringar / forbetningspunkt

Under følgjer punkt der vi i Kvinnherad meiner planen kan bli styrka, for betre å nå dei måla som er sett i Utviklingsplanen for Vestland 2024-2028.

| Tema                                   | Utfordring frå Kvinnherad sitt perspektiv                                                                                                                                                                                                                                                  | Forslag til innhald i planen                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |
|----------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Tilrettelegging for lokal verdiskaping | Kvinnherad har natur- og kulturressursar som gir grunnlag for stor verdiskaping i fylket (jordbruk, akvakultur, reiseliv, industri, kraftproduksjon og linjenett) — men transportkostnader og digital infrastruktur kan vere barrierar.                                                    | Planen må inkludere støtte til infrastruktur (veg, ferjer, hurtigbåtar, breiband, kai osv.) og etablering av lokale FoU-/innovasjonspartnarar i distrikta. Ein bør løfte lokal verdiskaping og vekst i små og mellomstore bedrifter (SMB) som eit særskilt tema.                                                                                                                                                       |
| Kompetanseutvikling og vidareutdanning | I distriktskommunar kan det vere utfordrande å tilby breidde i vidaregåande opplæring, høgare utdanning, fleksible etter- og vidareutdanningstilbod, og relevans til lokale behov. Mange må reise langt eller flytte for å få utdanning som samsvarar med arbeidsmarknaden i heimkommunen. | Viktig med desentraliserte tilbod — digitale kurs, samarbeid med lokale læringssentre, lokale praksisplassar og fleksible læringsformer. Betre tilrettelegging for vidareutdanning og kompetanseheving i distrikta og støtteordningar for transport/logistikk der det er nødvendig. Førskuleutdanning i regi av HVLK studiesenter med hjelp av lokale «studentstover» er eit godt tiltak og ønskeleg innan fleire fag. |
| Gjennomføring og fråfall               | Fråfall i vidaregåande opplæring er ei utfordring, og i distriktskommunar. Ungdom som kjem frå små skulemiljø og med lang reiseveg har særlege utfordringar.                                                                                                                               | Planen bør vektlegge tiltak som mentorordningar, godt psykososialt støtteapparat, alternativa opplæringsløp, kombinert læring/praksis, og tiltak for å redusere transportbelastning. Tidleg karriere-/val-rettleiing må vere tilpassa lokale næringslivsbehov.                                                                                                                                                         |
| Inkludering og demografi               | Aldrande befolkning og fråflytting i nokre område. Det er utfordring å sikre rekruttering til kritiske yrker, og få fleire inn i arbeid.                                                                                                                                                   | Tiltak for å tiltrekke og behalde fagfolk i distrikta (for eksempel bustad, kulturtilbod, transport). Kompetanseprogram for minoritetar og innvandrarar, god norskopplæring, tilrettelegging for funksjonshemma, og støttesystem for de med barrierar til arbeidslivet (psykisk helse, språk, teknologi).                                                                                                              |
| Innovasjon og                          | Lokale bedrifter kan ha liten kapasitet                                                                                                                                                                                                                                                    |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        |

| Tema                                | Utfordring frå Kvinnherad sitt perspektiv                                                                                                                                                                                                                                           | Forslag til innhald i planen                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
|-------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>næringsutvikling</b>             | for eigen FoU og innovasjon, lite tilgang til kapital og samarbeidspartnarar.                                                                                                                                                                                                       | Planen burde sikre støtte til lokale innovasjonsnettverk, klynger, bedriftsrådgjeving, kapitaltilgang og inkubatorar. Etablering av pilotprosjekt lokalt som kan vise fram verdi av omstillingsprosjekt og berekraftige verdier. Viser til pågåande arbeid med Fonna Næringshage og utlysing frå Siva om inkubator innan akvakultur                                                                                                                                                                                |
| <b>Arealtilgang og mobilitet</b>    | Arealbruk og transportkostnader er store utfordringar i distrikta — areal for næring, fornybar energi mm. Planen nemner at areal vert handtert i plan for areal og mobilitet, men det er viktig at planen for verdiskaping/kompetanse samarbeider tett med areal-/mobilitetsplanen. | Planprogrammet må sikre fleksibilitet slik at tiltak kan differensierast etter lokal geografi, næringsstruktur og ressursgrunnlag. Verdiskapings-/kompetanseplanen må sikre god samordning med utgangspunkt i kommunale arealplanar, slik at kan få opparbeidd næringsareal i distrikta på ein rask og forsvarleg måte. Ein viser elles til høyringssvar som gjeld for regional plan for areal og mobilitet. Mobilitetsløyser som reduserer barrierar for pendling, gods og digital infrastruktur må prioriterast. |
| <b>Resultatmåling og oppfølging</b> | Viktig med indikatorar som måler lokale utfall, ikkje berre fylkessnitt. Kommunar bør ha moglegheit til å følge opp eigen utvikling og vurdere om planen gir gevinst lokalt.                                                                                                        | Handlingsprogrammet bør inkludere konkrete måleindikatorar som kommunane kan bruke for å følgje utvikling og prioriterte satsingar. Turisme er eksempel på ei næring der ein manglar eigna rapportar til oppfølging på kommunenivå. Budsjettmidlar må til for å få slike analyser.                                                                                                                                                                                                                                 |

### Konkrete forslag

Her er nokre konkrete forslag til endringar og presiseringar som Kvinnherad kommune ønskjer at vert vurdert:

**Opprette eit eige delmål for distriktskommunar som Kvinnherad**, der tiltak knytt til desentralisert utdanning, næringsutvikling og samferdsle blir løfta fram.

**Styrke digitale kompetansetilbod og læringsarenaer** i distrikta, inkl. satsing på digitale plattformer. Utvikle partnerskap med fagskule og høgskule som kan legge praksisnære studiar til Kvinnherad, t.d. innan prosessindustri, grøn energi, havbruk og reiseliv.

**Knytte lokale behov i kommunen sitt næringsliv** tettare til planen sine kompetansebehov-kartlegging; Kvinnherad bør bli høyrd i kartlegging av kompetansebehov som grunnlag for

tiltak og utdanningstilbud. HUB satsinga Grøn Næringspark i Kvinnherad vil krevje ei anna kompetanse i framtida.

**Bustad- og infrastrukturforhold:** For å rekruttere og behalde fagfolk, må planen og sjå på støtte til infrastruktur (veg, kommunikasjon, breiband) og gode bustadtilbod, kultur- og fritidsfasilitetar i distrikta. Tiltak for å gjere Kvinnherad attraktiv for tilflyttarar er viktig, då er bustadpolitikk, kulturtilbod og barnehage-/skulestruktur viktig. Forsterke satsinga på samferdsle: kortare reisetid til Bergen og Stord/Haugesund vil gjere Kvinnherad meir attraktiv for både næringsliv og arbeidstakarar

**Kultur og naturressursar** bør løftast som ein eigen ressurs i verdiskaping — ikkje berre som gjennomgåande omsyn, men som aktivt satsingsområde, med støtte til lokal matproduksjon, reiseliv basert på natur- og kulturopplevingar, marint næringsliv mm. Kvinnherad skal realisere store kraftutbyggingar framover i regi av SKL og Statkraft, i tillegg skal linjenettet fornyast med nye trasear og oppgradering av eksisterande. Dette er utbyggingar som kjem heile landet og især Vestlandet til gode. Vertskommunen har forventningar om å bli kompensert i form av høgare skatteinngang og ein betre infrastruktur i form av t.d. vegar og ferjeforbindelsar.

Inkluder **indikatorar på kommunenivå** i oppfølginga, slik at vi kan måle om planen faktisk gir effekt i distrikta.

Sett av **øyremerka ressursar** til utviklingsprosjekt i distriktskommunar, slik at intensjonane ikkje berre blir regionale formuleringar, men reelle lokale tiltak.

Legg til rette for **innovasjonsarenaer** i Kvinnherad, t.d. knytt til grøn industri, hydrogen, fornybar energi og reiseliv. Satsinga Grøn Region Vestland er viktig for god samhandling med andre aktørar i fylket.

Sikre støtte til SMB-bedrifter som vil satse på sirkulærøkonomi, lokal mat og opplevingsbasert reiseliv.

#### **Økonomisk berekraft:**

Tilrettelegging for auka verdiskaping og kompetanse vil medføre økonomisk vekst og fleire arbeidsplassar i kommunen.

#### **Miljø og klima berekraft:**

Planprogrammet har tydelege mål om omstilling, berekraft og konkurransekraft, med gjennomgåande omsyn til miljø, natur, klima, folkehelse og kultur.

#### **Sosial berekraft:**

Planen legg opp til eit breitt og fleksibelt kompetansetilbod (for unge og vaksne, formell og ikkje-formell kompetanse). For å rekruttere og behalde fagfolk, må planen og sjå på støtte til infrastruktur (veg, kommunikasjon, breiband) og gode bustadtilbod, kultur- og fritidsfasilitetar i distrikta.

#### **Berekraftsmål nr 17 – om samarbeid:**

Kvinnherad kommune ser positivt på arbeidet med ein felles regional plan for verdiskaping og kompetanse. Vi meiner det er viktig og nødvendig med eit overordna og strategisk perspektiv som kan styrke samordning mellom kommunar, fylke, stat, utdanning og næringsliv, slik planen legg opp til. Planen legg opp samarbeid mellom ulike aktørar: kommunar, næringsliv, utdanningsinstitusjonar, offentleg sektor — noko som er viktig for å få til reell gjennomføring og lokal forankring.

#### **Konklusjon:**

Kvinnherad kommune støttar intensjonen om å styrke verdiskaping og kompetanse i Vestland, men vil understreke at **utan distriktsfokus når vi ikkje dei overordna måla i Utviklingsplanen 2024–2028**. For å sikre berekraftig utvikling, attraktive lokalsamfunn og eit framtidsretta

arbeidsliv, må planen løfte fram kommunar som Kvinnherad med både særskilde utfordringar og store moglegheiter.